



ÅRSMELDING 2020


ÅRSMELDING

IL JOTUN FRIIDRETT

for perioden

1. januar 2020 til 31. desember 2020

PÅ VEG MOT HUNDRE!



Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

www.iljotun.no

Bank
3730.25.00208
Foretaksregisteret
975 702 308



1. Styret si samansetjing

- Leiar Per Inge Bale
- Nestleiar Liv Moen
- Økonomileiar/kasserer Per Inge Bale
- Sekretær Ingeborg Hjelle
- Sportsleg leiar Rigmor Skrede
- Styremedlem Arne Werge-Olsen

2. Grupper – utval - komitear - representasjon

- Merete Moen har vore kontaktperson mot All idrett
- Rigmor Skrede er med i Sportsleg Utval i IL Jotun
- Per Inge Bale er med i Anleggskomiteen i IL Jotun. Han representerer smågruppene, friidrett, symjing, styrkeløft og motorsport.
- Valkomité Liv Moen og Merete Moen

3. Møter

- 1 årsmøte
- 4 styremøte
- 2 sosiale tilstellingar. Ein kveld i Jotunhuset der heile gruppa var samla, foreldre, trenarar, styremedlemmer og utøvarar. Gard Reppen Vigdal og August da Silva Sveen fekk utdelt kvart sitt stipend frå minnefondet etter Edvin Moen. Ein Pizza kveld på Mama mia for utøvarane og trenarane.
- Møter i hovudstyret
- Treningar : Det har vore 3 treningsgrupper. Merete Moen, Rigmor Skrede og Ingeborg Hjelle har hatt trening 1 gong i veka for aldersgruppa 10 år og eldre. Det har vore 10-20 aktive på kvar trening.

Rolf Breisnes har hatt ansvaret for løpstreningar med dei eldste utøvarane.

Arne Werge-Olsen har hatt ansvar for sprint løpstreningar.

Treningar for allidrett.

4. Dugnad

- Avtale med Årdal kommune. Vedlikehald Jotun stadion løpebane området, 2 gonger for året (Vår/Haust).
- Skifta satsplanke på lengdegrop mot aust.

5. Medlemstal

- Totalt 169
- Friidrett arrangerer treningar for utøvarar 10 år og eldre. Dei som er yngre enn 10 år, er med på friidrettstreningar organisert i Allidretten.
- 94 utøvarar yngre enn 10 år (Allidrett)
- 37 utøvarar mellom 10-12år
- 20 utøvarar mellom 12-16år
- 18 medlemmer 17 år og eldre

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon

Telefaks

Bank
3730.25.00208
Føretaksregisteret
975 702 308



- Gruppa har medlemmer både frå Øvre Årdal og Årdalstangen.

6. Utdanning

- Merete Moen, Trenar 1 Friidrett
- Rigmor Skrede, Trenar 1 Friidrett
- Rolf Breisnes, Trenar 1 Friidrett
- Ingeborg Hjelle, Trenar 1 Friidrett

7. Særforbund

- Noregs Friidrettsforbund

8. Konkurransar – Stemner – Turneringar

Dato	Stemne	Deltakarar
18.01.2020	Norna leikane (Bergen)	Knut Werge-Olsen
05.02.2020	Lokalt treningsstemne (Årdalshallen)	
04.06.2020	Byrkjelo stadion	August da Silva Sveen Isak Øyre Nundal Christoffer da Silva Vamråk
02.07.2020	Os stadion	Isak Nundal August da Silva Sveen
08.07.2020	Lokalt treningsstemne (Jotun stadion)	
15.07.2020	Bislett stadion, Oslo	August da Silva Sveen Knut Werge-Olsen
30.07.2020	Byrkjelo stadion	August da Silva Sveen
11.08.2020	Lokalt treningstemne (Jotun stadion)	
16.08.2020	Friidrettstemne i Oslo	Knut Werge-Olsen
22.08.2020	Gneistspelen (Bergen)	Knut Werge-Olsen
26.08.2020	Friidrettsturne Årdal (Jotun stadion)	
29.-30.08.2020	UM Jessheim	Knut Werge-Olsen August da Silva Sveen
04.-06.09.2020	Karbinleikane (Bergen)	Knut Werge-Olsen
23.09.2020	Lokalt treningstemne (Voss)	August da Silva Sveen Christoffer da Silva Vamråk
26.09.2020	Asker stadion/Føyka	August da Silva Sveen Knut Werge-Olsen
17.10.2020	Vik, mosjonsløp 10km	August da Silva Sveen

August da Silva Sveen G16 og Knut Werge-Olsen G17 kvalifiserte seg for UM på Jessheim. UM er noregsmeisterskap for 15-17 årsklassen.

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon
Telefaks

Bank
3730.25.00208
Føretaksregisteret
975 702 308



Knut Werge-Olsen

Også i 2020 har Knut delteke i mange stemner. Han har no ein personleg rekord på 100m på 11.36 og 23.30 på 200mm.

UM Jessheim 29.-30.august 2020

5.plass i finalen på 100m med tida 11.42

Kvalifiseringsheat på 200m med tida 23.37

August da Silva Sveen

I løpet av 2020 sette August 3 KM rekordar i Sogn og Fjordane i 16 årsklassen.

5000m

29.juni sette August ny krinsrekord på 5000 m under Boysen memorial på Bislett. Etter eit veldisponert løp vart det personleg rekord med 40 sek, med tida 15.40.66. Den gamle rekorden hadde Svein Inge Buhaug med 15.47.7, også han frå Jotun.

1000m

Onsdag 26.august vart det ein historisk kveld på Jotun stadion. Krinsleikane (Friidrettsturne Årdal) som vart skipa til på Jotun stadion resulterte i ein ny, sterk KM rekord av August i 16 års klassen, på 1000m, med tida 2.38.25. Ei betring av Eivind Øygard sin 12 år gamle rekord med over 5 sek.

1500m

Laurdag 26.september. Etter fleire forsøk på å ta 1500 krinsrekorden for Sogn og Fjordane lukkast det endeleg for August på Asker stadion/Føyka. Ny krinsrekord på 1500 m, tida vart 4.07.04. Ny krinsrekord med 1.5 sek

Både 1500m og 5000m rekordane har stått i 34 år. Begge desse var det Jotun gut Svein Inge Buhaug som hadde.

UM Jessheim 29.-30.august 2020

3.plass på 800m med tida 2.01.28

4.plass på 3000m med tida 9.04.57

9. Økonomi

- Omsetning i gruppa 2020 : kr.81 100
- Resultat 2020 : Overskot : kr.17 100
- Budsjett 2021 : Omsetning : kr.125 000
- Har motteke kr. 10 000 frå Årdal Kjemiske, kr 7 900 frå hovudlaget frå treningsavgift, kr 9 000 frå LAM og MVA kompensasjon.
- Friidrettsgruppa har ingen eigen sponsor men mottek kr 15 500 som del av midlar frå hovudsponsorane.

10. Anlegg & Utstyr

Friidrettsgruppa trenar i Årdalshallen og Jotun stadion. Jotun stadion er i dårleg forfatning og ein får ikkje trent optimalt på ein del øvingar. Dekke er glatt og har ein del

Postadresse

IL Jotun

Postboks 65

6882 Øvre Årdal

Besøksadresse

Jotunhuset, Øvre Årdal

E-Post

post@iljotun.no

Telefon**Telefaks****Bank**

3730.25.00208

Føretaksregisteret

975 702 308

Vår dato
27.04.21

Vår referanse

sprekker og gras som veks opp. Ein må bruka ein del tid på å rydda og halda orden framfor kvar trening/stemne.

- Friidrettsgruppa har avtale med Årdal kommune om at ein disponerer garasjen på Jotun stadion til oppbevaring av friidrettsutstyr. Her har me bytta lås og har eigen nøkkel til garasjen. I tillegg er det eit eige låsbart skåp plassert inne i garasjen.
- Friidrettsgruppa har inngått avtale med Årdal kommune om vedlikehald/dugnad av spesifikke områder på Jotun stadion. Dette er oppspaining av lengdegroper, kosting og rydding av bås på friidrettsdelen av Jotun stadion.
- I 2020 har det vorte kjøpt inn nye returhekkar, sprintmatter og kjeglesett.

11. Oppgåver i året som kjem

- Auka rekruttering til stemner
- Fleire arrangement som igjen bidreg til auka rekruttering
- Arbeida for at Jotun stadion også i framtida vert ein fullverdig friidrettsstadion med naturgras dekke på fotballbana. Slik at ein kan ha kastøvingane spyd, diskos, kule og slegge.

12. Eksterne verv – representasjon

- Ingen

Ein stor takk til trenarane Rigmor Skrede, Merete Moen, Ingeborg Hjelle og Rolf Breisnes for kjempegod jobb med utøvarane.

Øvre Årdal 27.04.2021

Leiar og kassarar
Per Inge Bale

Per Inge Bale

Nestleiar
Liv Moen

Liv Moen

Sportsleg Leiar
Rigmor Skrede

Rigmor Skrede

Styremedlem/skrivar
Ingeborg Hjelle

Ingeborg Hjelle

Styremedlem
Arne Werge Olsen

Postadresse
IL Jotun
Postboks 65
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse
Jotunhuset, Øvre Årdal
E-Post
post@iljotun.no

Telefon
Telefaks

Bank
3730.25.00208
Føretaksregisteret
975 702 308